

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

- Vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 24. april 2024 -

Føremål med ordninga

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke organisasjonen sitt arbeid med demokratiskulering, organisasjonsutvikling og organisasjonsopplæring av barn og ungdom, og legge til rette for at medlemene sjølv står for utøving av organisasjonen si verksemd.

Kven kan søke?

Støtteordninga er for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke. At organisasjonen må ha regionalt virke inneber at den kan vise til lokal aktivitet gjennom lokallag i Vestland. Kommunane har ansvar for å støtte lokal aktivitet, fylkeskommunen aktivitet som er fylkesfemnande eller innanfor eit større geografisk område.

Organisasjonen må ha minst 50 teljande medlemmer i Vestland fylke, dvs. at minst 50 medlemmer under 26 år må ha betalt kontingenten for det føregåande året. Organisasjonen må ha organisasjonsnummer for å kunne søkje.

Søknadsfrist

Årleg søknadsfrist på våren.

Kva kan ein få støtte til?

Driftstilskot blir tildelt regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar si drift og normale aktivitet, og er ikkje knytt til prosjekt eller særlege tiltak.

Vurdering

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

1. Kor mange teljande medlemmer organisasjonen har under 26 år. For å vere teljande må medlemmen ha betalt kontingenten det føregåande året.
2. Kor mange kommunar i Vestland den regionale organisasjonen har aktivitet gjennom lokallag.
3. Kor mange lokallag som er tilslutta organisasjonen sitt regionale ledd.
4. Kor stor del av medlemsmassen som er under 26 år. Barn og unge må vere hovudmålgruppa til organisasjonen.
5. Om organisasjonen har tilsette.
6. Organisasjonen sitt aktivitetsnivå og utviklingsarbeid.
7. Organisasjonen sitt opplæringsarbeid og arbeid med skulering i demokrati.
8. Organisasjonen sine samarbeidstiltak med andre organisasjonar og grupper.
9. I kva grad organisasjonen oppfyller mål og satsingar i regional plan for kultur 2023-2035, *Kultur bygger samfunn*.

I vurderinga av søknadene vil fylkeskommunen sjå på både det kvantitative, som tal medlemmer, lokallag og kommunar, og det kvalitative, som gjeld mellom anna aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringstiltak og samarbeidstiltak. 50% av tilskotet til kvar enkelt søkjar er basert på ei kvantitativ vurdering som gjeld punkta 1 til 5 ovanfor. Resterande 50% av tilskotet blir løyvd basert på ei kvalitativ vurdering som gjeld punkta 6 til 9.

Krav til søkjar

Dei regionale frivillige organisasjonane som blir tildelt støtte må gjennom vedtektene:

- a) vere medlemsbasert, demokratisk og ha aktivitet for barn og unge under 26 år som hovudmålgruppe
- b) gje medlemene i organisasjonen fulle demokratiske rettar frå fylte 15 år. Medlemer under 15 år må også ha reell moglegheit til å påverke i organisasjonen
- c) ha eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd/regionalledd
- d) vise til at organisasjonen er fylkes-/ regionalt ledd som koordinerer aktivitet for lokallag i Vestland
- e) vise til at organisasjonen har eit ideelt (ikkje-kommersielt) mål og vil fremje føremålet til støtteordninga
- f) vise til at organisasjonen ikkje skapar hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering

Det vert ikkje gitt støtte til

- organisasjonar som har idrett/sport eller mosjon som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har diskriminerande innhald i vedtektene sine og/eller i aktivitetar
- organisasjonar med tidsavgrensa føremål
- særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
- organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
- organisasjonar som får driftstilskot gjennom andre støtteordningar og etter budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune
- organisasjonar som kan få driftstilskot frå statlege organ på regionale nivå, t.d. politiske parti og trus- og livssynssamfunn

Krav til søknaden

Søknaden skal sendast inn til Vestland fylkeskommune via elektronisk søknadsskjema.

Budsjett og handlingsplan/arbeidsprogram for komande periode skal ligge ved eller sendast etter så snart vedtak er fatta i organisasjonen. Siste godkjente årsmelding, rekneskap og vedtekter for organisasjonen skal ligge ved søknaden eller sendast etter så snart desse er godkjent i organisasjonen sitt høgste organ (årsmøte e.l.).

Søkjar må opplyse om organisasjonen sine medlemstal i søknaden. Ved kontroll skal fylkeskommunen kunne krevje innsyn i organisasjonane sine medlemslister.

Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. forvaltningslova (fvl.).

Avdeling for kultur og folkehelse førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå avdelingsdirektør si innstilling skal også grunngjevast. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

Oppfølging og rapportering

Mottakar av støtte pliktar å rapportere for bruken av tildelte midlar til fylkeskommunen. Mottakaren rapporterer for dei tildelte midlane påfølgjande år saman med ny søknad om driftsstønad for regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen sender inn godkjent årsmelding og rekneskap for det året støtta er innvilga saman med søknaden. Godkjent årsmelding og rekneskap er å sjå som rapport for bruken av tildelte midlar.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett.

Klage

Vedtak kan klagast på etter forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Klagen må sendast skriftleg innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Klagen vert behandla i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Bli klagen ikkje tatt til følge, blir den sendt vidare til klagenemnda i fylkeskommunen for endeleg vedtak. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.